

KONKURRANSEGRUNNLAG

Drift av

Hegni – Sommaraktivitetar 2024

Saksnr. 2024/113

GENERELL SKILDRING

Oppdragsgiver

Bykle kommune, Sarvsvegen 14, 4754 Bykle

Kontaktperson: Eivind Severinsen, e-post: eivind.severinsen@bykle.kommune.no

All kommunikasjon med oppdragsgivar skal skje via e-post. Dette gjelder også spørsmål og svar som vil bli vidareformidla til alle leverandørar i anonymisert form.

Vald leverandør vil få ein ny kontaktperson i kommunen for hjelp til den praktiske gjennomføringa av oppdraget.

Formål og omfang

Kommunen ønskjer å medverke til utvikling av Hovden som ein heilårsdestinasjon. Per no er det eit litt avgrensa tilbod av sommaraktivitetar som er tilrettelagt og lett tilgjengeleg for tilreisande.

Hegni er portalen til Hovden og ein viktig møteplass for lågterskel aktivitetstilbod, vassaktivitetar og som nærturområde. Kommunen har her eit serviceanlegg som kan nyttast til enkel servering og sal (kiosk). Det er også tilrettelagt sanitæranlegg/offentleg toalett mv. Kommunen har per tiden ikkje kapasitet til å drifta anlegget i eigen regi, og utlys difor ein open konkurranse om drift med sommeraktiviteter for sommeren 2024.

Ein drivar får disponere serviceanlegget og tilstøytane bryggjeanlegg/platting rundt. Det kan gjennomførast aktivitet på områda rundt, etter nærmare avtale med oppdragsgjevar. Vedlagt kartskisse viser det aktuelle område. **Vedlegg 1.**

I samband med korona-ordningane vart det kjøpt inn robåtar, kanoar, kajakkar, SUP-brett og pedalbåtar som leverandør skal leige ut i perioden. Utstyret skal kunne reserverast og ved førehands-reservering skal turistar prioriterast.

Oppdragsgivar og leverandør skal inngå ein avtale som sikrar at lokale born og ungdom kan leige utstyret gratis. Denne utleiga kompenserast som tilskott frå kommunen gjennom ein forhandsavtalt pris som utgjer 50 % av ein veileiande utleigepris. I avtalen vart det fastsett utleigeprisar på 1 time/3 timer/heildagsutleige. Maksimalt tilskot for heile perioden er kr.15.000,-. Avtalen er vedlagt. **Vedlegg 2.**

Ein drivar må sjølv vurdere om utstyret kan nyttast forsvarleg, i den tilstand de er til en kvar tid. Drivar må sjølv syte for reparasjonar og vedlikehald av utstyret i perioden. Utstyr som ikkje fungerer vil ikkje bli erstatta av oppdragsgivar.

Kommunen stillar altså bygg, utstyr og omkringliggende område som beskrive ovanfor til disposisjon slik det står i dag, utan betydelege oppgraderinger utover følgjande: I kioskdelen vil tak og veger bli malt. Elektrikar vil gå over det elektriske anlegget og feste leidningar, montere stikkontaktar og naudsynt belysning. Tilbydarar oppmodast derfor til synfaring av eigedomen før tilbod gis.

Oppdraget gjeld drift av serviceanlegg, utstyrsutleige, samt drift av toalett/sanitæranelegg med dagleg reinhald – Toalettanlegg skal vere døgnopen i avtaleperioden.

Tilbyder må også ta syte for dagleg orden på tilliggjande parkeringsplassar og brygge/platting rundt bygget. Kontrakten vil vere ein leigekontrakt, kor leidgetakar får disponere lokalar og avgrensa området gratis, men leverandør må sjølv sikre inntening. Leverandøren vil ha det heile og fulle ansvar for drift av tenester og tilbod, inkl. utleige av utstyr til vassaktivitetar.

Ein vil også legge vekt på at dei som blir tildelt oppdraget, syter for å vere godt vertsskap for heile reiselivet på staden og gir besökande god og brei turistinformasjon om nærområdet og tilboda som finst. Sal av fiskekort kan bli aktuelt.

Oppdraget skal vere frå 1. juni til og med 31.august, når det gjeld opning og reinhald av sanitæranelegg. Ein er open for at drifta aktivitetar/servering /kiosk kan ha kortare sesong/drift – og at tilbydarane konkretiserer framlegg til opningstider/aktivitetstilbod mv. som dei ønskjer å tilby i sitt konsept i driftsperioden.

Drifta må ikkje hindre allmenn bruk av- og ferdsel på bryggjeanlegget og strandlinja. Ved planlagde arrangement i området, skal det ikkje settast opp konkurrerande arrangement/drift utan at dette er i samarbeid med- og godkjend av arrangør.

Kontraktvilkår

Det vil bli inngått ein tidsbestemt leigekontrakt for sommaren frå 1. juni til 31. august. Husleiga vil vere kr. 0,-, men drivar er ansvarleg for kostnadene til straum, renovasjon osv. og må ivareteke dette i tilboden sitt. Det understrekast at lokala leigast ut som dei er og drivar er sjølv ansvarleg for nødvendige oppgraderinger til sitt presenterte konsept. Gjennomgang/visning av lokala kan gjennomførast frem til tilbodsfristen.

I tillegg inngåast avtale om utleige av utstyr til lokale born og ungdom.

Det føresetjast at leverandør følgjer alle reglar knytt til HMS, lønns- og arbeidsvilkår. Dersom lovbroter blir avdekte vil kontraktane bli sagt opp straks, utan at oppdragsgjevar kan haldast erstatningspliktig for driftstap eller liknande. Tilskot for resterande periode kan også krevjast tilbakebetalt.

Viktige datoar og tidsfristar

Oppdragsgivar har lagt opp til følgande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	12.april kl.1400
Tilbodsfrist	17.april kl.1400
Evaluering og eventuelle forhandlingar	Uke 16
Val av leverandør og melding av dette til leverandørar	22.april
Kontraktsinngåing	26.april
Tilbodets vedståelsesfrist	1.mai

Det vert gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfristen er førebelse og kan bli gjenstand for justeringar. Ei eventuell forlenging av tilbodet si vedståelsesfrist kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover å gjere eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda. Forhandlingar kan likevel bli gjennomførte dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottekne, vurderer det som hensiktsmessig. Utveljinga av kven det vil forhandlast med vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det vert presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om sitt tilbod og må derfor leve i sitt beste tilbod.

Oppdragsgjevar kan velje å forkaste alle tilbod og avslutte konkurransen.

Offentlegheit og teieplikt

For allmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing gjeld offentleglova. Oppdragsgjevar og deira tilsette er pliktige til å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransmessig betydning å hemmeleghalde, jf. forvaltningslova § 13.

Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert sin interesse for anskaffinga skriftleg.

Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, eller er uklare, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar hos via oppdragsgivars e-post. Dersom det oppdagast feil i konkurransegrunnlaget, bes det om at dette formidlast til oppdragsgivar via e-post

KVALIFIKASJONSKRAV

Leverandørens kvalifikasjoner

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandør skal ha erfaring med publikumsaktivitetar og dokumentere gode rutinar på HMS knytt til aktivitetane som blir føreslått.	Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han råder over og kan betytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeid mens personellet har utført tenesta for en annan leverandør.

TILDELINGSKRITERIER

Tildelinga vil skje basert på følgande kriteria angitt i prioritert rekkefølge:

Kriterium	Dokumentasjon
Pris Under dette kriteriet vurderast: - Lågast totalpris	Pristilbodsskjema
Konseptskildring og ivaretaking av HMS for tilsette og kundar/brukarar Under dette kriteriet vurderast: - Opningstider - Ivaretaking av turistnæringa (her med destinasjonsinformasjon) - Ivaretaking av lokalbefolking, born- og unge. - Evnene til å ivareta sikkerheit forbundet med konseptet som foreslåast	Konseptskildring Dokumentasjon på relevante kurs/sertifiseringar etc. Dokumentasjon på relevant erfaring
Sysselsetting Under dette kriteriet vurderast: - Konseptets evne til å skape arbeidsplassar (inkludert føretakets/foreiningas egne tilsette/medlemmer)	Kan komme frem under konseptskildringa

Innlevering av tilbod

Tilboden skal leverast til oppdragsgivars e-post innan fristen. Tidsfristen er absolutt og tilbod som innkommer etter denne vil få avslag utan anna grunngjøring.

Vedlegg

- Avtale om utleige til born og ungdom i kommunen
- Kartskisse